




TUSSA

Tertialrapport 2 2023



249

Driftsresultat (81)

176

Resultat før skatt (56)

422

Kraftproduksjon GWh (575)

882

Omsetning (606)

4 675

Totalkapital (3 804)

38,2

Eigenkapitalprosent (35,1)

Beløp i mill. kroner. Tilsvarende tal per 2. tertial 2022 står i parentes.

Rekneskap per 2. tertial 2023

Rekneskapen per 2. tertial 2023 syner eit driftsresultat på 249,3 mill. kr (81,0) og eit resultat før skatt på 176,4 mill. kr (56,2). Omsetninga vart 882,3 mill. kr (606,4), totalkapitalen er 4 674,9 mill. kr (3 804,1) og eigenkapitalprosenten er 38,2 prosent (35,1). Netto finans syner eit resultat på -72,9 mill. kr (-24,8). Tilsvarende tal for 2. tertial 2022 står i parentes.

Konsernet har ein auke i driftsresultatet på 168,3 mill. kr samanlikna med tilsvarende periode i 2022. Hovudårsaka til auken i driftsresultatet er høgare kraftpris og høgare pris på opphavsgarantiar som gir betre resultat innanfor kraftproduksjon. Nettverksemda viser også ei svært positiv resultatutvikling samanlikna med same periode i 2022. Vidare har forretningsområdet installasjon positiv resultatutvikling, medan IKT har ei svak negativ resultatutvikling.

Netto finans viser -72,9 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er 48,1 mill. kr svakare enn på same tidspunkt i fjor. Hovudårsaka er auke i rentekostnader som følgje av auka rentenivå og auka gjeld. Andre faktorar som verkar inn er urealisert effekt av kursending på eurolån og endring i marknadsvardi på euroNOK rentebyteavtale.

Skattekostnaden er estimert til 79,7 mill. kr (29,2). Det er her estimert 40,0 mill. kr (12,4) overskotsskatt, og grunnrenteskatt med 39,7 mill. kr (16,8). Resultatet etter skatt er 96,7 mill. kr, som er 69,6 mill. kr betre enn ved 2. tertial 2022.

Investeringar i varige driftsmiddel er på om lag 219 mill. kr (179), i hovudsak fordelt på nett med 125 mill. kr, IKT med 67 mill. kr og kraftproduksjon med 26 mill. kr.

Totalkapitalen er 870,8 mill. kr høgare enn på same tidspunkt i fjor. Bakgrunnen for auken er i hovudsak overtakinga av Stranda Energi Holding AS og fusjonen mellom Mørenett AS og Linja AS.

ENERGI

Kraftproduksjon

Akkumulert driftsresultat for kraftproduksjon er 142,2 mill. kr (16,6).

Akkumulert kraftproduksjon er på 421,5 GWh (575,2). Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 96 prosent (131) av normalproduksjonen for perioden. Akkumulert snittpris per 31. august var 44,5 øre/kWh (19,4).

Kraftprisen i NO3 har gjennom andre tertial vore fallande etter høge prisar dei to føregåande tertiala. Gjennom august vart det særst mykje regn sør for oss, og dette påvirka prisen også for NO3. Dei nedtappa gasslagera i Europa, som i fjor løfta kraftprisane også i Norden, er no godt oppfylte, og prisane på kontinentet er enn så lenge normaliserte. Den hydrologiske balansen i Norden ved tertialsiftet var pluss 8 TWh, og har stige mykje etter dette. Prisutsiktene for NO3 for siste tertial er svake.

Det er opna vilkårsrevisjon for Åmela kraftverk og revisjonsdokumentet vart sendt inn i mai. I Åmela kraftverk har kontrollanlegget i kraftstasjonen blitt skifta ut. Aggregatet vart starta opp att 9. juni etter stansen.

I Tussa kraftverk har vi starta arbeidet med å fjerne asbest i taket og veggane i maskinsalen. Møre Miljøsanering er valt som utførande partner, og planlagt ferdigstilling er medio november 2023. Ved dei andre kraftverka har det vore normal drift.

Vi har oppgradert demninga i Løysingevatna, Åmela kraftverk, etter krav frå NVE. I sommar starta vi arbeidet med å byggje ny demning på Litlevatnet, Vartdal kraftverk. Det har og vore utført mykje planarbeid i samband med oppgradering av demninga på Børevatnet, Sørbrandal kraftverk. Dette arbeidet er planlagt utført i 2024.

Saman med Sogn og Fjordane Energi (SFE) og Tafjord har vi starta utgreiingar for ein felles produksjonsentral, som ei oppfølging av samanslåinga mellom Mørenett og Linja.

Kraftnett

Mørenett og Linja fusjonerte med verknad frå 8. mars 2023 og tok namnet Linja. Tala som vert rapportert per 31. august har med seg rekneskapen for Mørenett frå 1. januar 2023 og for Linja frå 1. mars 2023.

Rekneskapen for Tussa sin eigardel i nettverksemda viser eit driftsresultat på 84,3 mill. kr (42,1). I samband med fusjonsprosessen vart det utarbeidd eit synergiprogram for reduksjon av kostnader, og målet er at selskapet i løpet av tre år skal nå eit effektivitetsnivå i Reguleringsmyndigheten (RME) sin inntektsrammemodell på minst 100 prosent.

Det har vore god utførande aktivitet i nettet, både når det gjeld drift, vedlikehald, ny- og reinvesteringar. Tussa sin del av investeringane i kraftnettet til Linja per 2. tertial er om lag 125 mill. kr (77). Det er mange prosjekt knytt til elektrifisering og det grøne skiftet, men også nett som må fornyast. I regionalt distribusjonsnett er det største prosjektet fornying av Giskemo transformatorstasjon. Dei største prosjekta i distribusjonsnettet er relatert til ny forsyning 22 kV-linje Nørve – Flatholmen i Ålesund.

Linja fekk i byrjinga av juli avslag på anleggskonsesjonssøknaden for å overta regionalt distribusjonsnett hovudsakleg på Nordmøre og i Romsdal. Linja har klaga avslaget inn til Olje- og energidepartementet.

IKT

Driftsresultatet for IKT er 26,8 mill. kr (30,2).

Ved utgangen av tertialet var det fakturert fiber til 15 192 hushaldningar (14 268) og 1 107 bedrifter (996). Samla kundemasse over alle teknologiar er 15 524 hushaldningar (14 791) og 1 137 bedrifter (1 100).

Forretningsområdet kommunikasjon hadde ved utgangen av tertialet ein auke i ekstern omsetning på 6,4 mill. kr, noko som utgjer 6,1 prosent vekst frå same tid i 2022. Produktområda internett til private og bedrifter står for det meste av auken.

Ved utgangen av tertialet hadde forretningsområdet IT ein auke i den eksterne omsetninga på 3,2 mill. kr samanlikna med 2. tertial 2022. Dette gir ein vekst på 4,9 prosent. Hovudårsaka til dette er auke innanfor IT-avtalar og konsulenttenester. Omsetninga av handelsvare har gått ned samanlikna med same periode i 2022.

INSTALLASJON

Driftsresultatet for installasjon er 7,2 mill. kr (1,3). Ved utgangen av tertialet hadde forretningsområdet ei omsetning på 121,5 mill. kr (121,0).

I marknadsområda som er knytt til større byggjeprojekt er konkurransesituasjonen hard. Innanfor servicemarknaden er det stor aktivitet, både mot næringskundar og privatkundar, og det er forventa god aktivitet ut året. Det er framleis god aktivitet knytt til fiberutbygginga for Tussa IKT. Vi har også levert fleire større solcelleanlegg til næringsmarknaden, noko som er ei viktig satsing for selskapet.

Selskapet har lukkast med å signere fleire større prosjekt for levering i 2023/24.

Stryn Elektro vart fusjonert med Tussa Installasjon 1. mai 2023.

UTSIKTER FOR 2023

Den gjennomsnittlege kraftprisen på NordPool per 2. tertial er 44,5 øre/kWh. Utsiktene for dei 4 siste månadene av året er rundt 20 øre/kWh (prisen i september var om lag 10 øre/kWh). Det er likevel svært usikkert kva prisane kjem til å verte. Vert det mykje lågtrykk, med vind og nedbør, kan prisane verte endå lågare. Om det vert høgtrykk, med lite vind og nedbør, kan prisane verte vesentleg høgare. Gitt det som kan observerast i marknaden ultimo september, må det forventast eit lågare driftsresultat frå kraftproduksjon enn i 2022. Samstundes forventar vi at dei andre forretningsområda i sum vil levere høgare driftsresultat enn i fjor.

Rentenivået er stigande og vi forventar større netto finanskostnad enn i fjor. I sum vert det forventa eit resultat etter skatt som er noko lågare enn i 2022.

Rekneskap Tussakonsernet

Tal i tusen kr

Resultat per 2. tertial	2023	2022
Salsinntekt	292 639	276 761
Energisal	303 163	150 537
Nettinntekt	265 426	170 555
Anna driftsinntekt	21 027	8 511
Sum driftsinntekter	882 255	606 364
Varekostnad	81 286	84 824
Energikjøp og overføringskostnad	131 938	72 632
Lønskostnad	170 530	157 989
Anna driftskostnad	124 287	96 370
Sum driftskostnad før avskrivning	508 041	411 815
EBITDA	374 214	194 550
Avskrivning/nedskrivning	124 892	113 568
Driftsresultat	249 322	80 982
Netto finans	-72 932	-24 786
Resultat før skatt	176 389	56 196
Estimert skattekostnad	79 722	29 159
Resultat etter skatt	96 667	27 037

Balanse per 2. tertial	2023	2022
Anleggsmidler	4 368 163	3 568 361
Omløpsmidlar	306 712	235 749
Sum egedelar	4 674 874	3 804 110
Eigenkapital	1 785 011	1 336 735
Avsetning for forpliktingar	214 507	123 408
Langsiktig gjeld	2 405 459	2 033 809
Kortsiktig gjeld	269 897	310 158
Sum egenkapital og gjeld	4 674 874	3 804 110

Resultat per 2. tertial	Omsetning		EBITDA		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2023	2022	2023	2022	2023	2022	2023	2022
Kraftproduksjon	308 736	154 973	174 805	49 076	142 209	16 640	107 457	13 820
Nett	285 519	176 565	124 312	76 708	84 314	42 054	54 923	31 994
IKT	185 575	175 580	69 979	70 308	26 777	30 243	18 600	24 107
Installasjon	121 458	121 003	10 315	3 725	7 198	1 308	5 994	538
Andre	25 617	21 955	-5 198	-5 269	-5 583	-5 398	-4 990	-10 397
Eliminering	-44 649	-43 712	-	-	-5 594	-3 866	-5 594	-3 866
Sum	882 256	606 365	374 214	194 550	249 322	80 982	176 389	56 196